

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Nina Bognøy (A) reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i Opplæringsfartøy AS. Fylkestinget vedtok samrøystes at Bognøy var ugild til å ta del i saksbehandlinga, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Bognøy deltok ikkje i saksbehandlinga.

Avrøysting

Det var 64 medlemmer til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune vedtar å bygga nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs i samsvar med endringane framlagd i denne saka og innafør eit samla budsjett på 112 mill. kr eks mva. der 12 mill. kr er statleg støtte. Dette er i tråd med tidlegare vedteke budsjett for anskaffinga.